



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 03.03.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Lilleland, Wenche S	AP
Valen, Øyvind	AP
Kvamme, Gerd	FRP
Årvik, Mats	FRP
Berge, Geir Erik	H
Haraldseid, Modolf	H
Nesheim, Therese	H
Opheim, Åge	H
Rørtveit, Håvard	H
Dyngeland, Leon	KRF
Fosse, Gustav Løge	KRF
Hanne Kathrine Sørhus	KRF
Austrheim, Arild Roar	SP
Berentsen, Anne Cecilie	SP
Espevold, Trygve	SP
Geir Magne Gjerde	SP
Haugen, Jan Idar	SP
Monica Nesheim	SP
Nina Karin Ramsfjell	SP
Ole Johan Vierdal	SP
Guri Ravatn	SV
Ivar Persvangen Ødegård	VILI
Sandsgård, Tormod	VILI

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Bjørn Alvseike	FRP	Heggen, Sjur	FRP
Anna Klette Steinsland	VILI	Ingvild Arianson	VILI

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside, i Grannar og H-avis

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 19.02.26.

Møtet vart vist på Kommune-Tv

Møtet vart leia av ordførar Ole Johan Vierdal.

Frå administrasjonen:

Yngve Folven Bergesen, kommunedirektør

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst

Vegard Bang, kommunalsjef økonomi

Halfdan Krohn Brekke, kommunalsjef samfunnsutvikling

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse

Ingebjørg Rullestad Gjerde, kommunalsjef organisasjon

Anne Mette Klungland, politisk sekretariat.

Presse: Grannar og Haugesunds Avis

Innkalling: Ingen merknad

Sakliste : Ordfører ønska at sak i tilleggsinnkalling, Tilsetjing av ny kommunedirektør i Vindafjord kommune, blei sett opp som siste sak i møtet, 015/26

Dette vart einstemmig vedtatt av kommunestyret.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
002/26	Referatsaker
003/26	Orienteringssaker
004/26	Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026
005/26	Avtale om skulelokaler og fasiliteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke
006/26	Helse og omsorgsplan for 2026-2036
007/26	Imsland landhandel AS - søknad om endring av driftsform for eksisterande salsløype 2024-2028
008/26	Forvaltningsrevisjonsrapport - "Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg"
009/26	Årsmelding 2025 - Vindafjord kontrollutval
010/26	Haugaland Vekst IKS - Revidert selskapsavtale
011/26	Arbeidsgruppe for vurdering av politisk organisering, godtgjersle til folkevalde og politiske reglement i Vindafjord kommune
012/26	Val av nytt varamedlem for FrP i OPOM
013/26	Konstituering av kommunedirektør
014/26	Grunngitte spørsmål og interpellasjonar
015/26	Tilsetjing av ny kommunedirektør i Vindafjord kommune

001/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Møteleiar Ole Johan Vierdal fremma forslag om Gerd Kvamme (FrP) og Ivar Ødegård (VIL) til å godkjenna og signera møteprotokoll.
Dette blei samrøystes vedtatt.

KS - 001/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vert desse foreslått:

1. Ole Johan Vierdal, møteleiar
2. Gerd Kvamme (FrP)
3. Ivar Ødegård (VIL)

002/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 002/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

003/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Ingen orienteringssaker

KS - 003/26 Vedtak:

004/26 Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Mottak av flyktningar, foreslått av Haraldseid, Modolf, Høyre

1. Vindafjord kommunestyre viser til oppmodinga frå IMDi og sier ja til å busette 20 flyktningar i 2026. Flyktningane skal fortrinnsvis busetjast andre stader enn i kommunesenteret Ølen.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 20 flyktningar i 2026.

FrP, foreslått av Årvik, Mats, Fremskrittspartiet

Vindafjord kommunestyre seier nei til oppmodinga frå IMDi om å busette flyktningar i 2026.

Forslag til vedtak, foreslått av Haugen, Jan Idar, Senterpartiet

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Nokre bygder og tenester er meir pressa på kapasitet, det vil derfor vera nødvendig å styra busettinga ved å ta i bruk heile kommunen.
3. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar, for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

Votering:

Forslag til vedtak frå FrP, lagt fram av Mars Årvik: 4 stemmer for, 3 FrP, 1 H (Berge). Forslaget falt.

Tilråding til vedtak frå formannskapet: 0 stemmer. Forslaget falt.

Forslag til vedtak frå H, lagt fram av Modolf Haraldseid: 4 stemmer for (M. Haraldseid, T. Nesheim, Rørtveit og Opheim) Forslaget falt.

Forslag til vedtak frå SP, lagt fram av Jan Idar Haugen: 17 stemmer for, 8 SP, 3 KrF, 3 VIL, 2 AP og 1 SV.

Forslaget blei vedtatt.

KS - 004/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Nokre bygder og tenester er meir pressa på kapasitet, det vil derfor vera nødvendig å styra busettinga ved å ta i bruk heile kommunen.
3. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar, for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

19.02.2026 Integreringsrådet**Behandling**

Vedtaket vert samrøystes vedtatt med 4 stemmer.

VIR - 005/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

19.02.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting**Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vert samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

REF - 005/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

10.02.2026 Formannskapet**Behandling****Forslag til nytt tilleggspunkt, lagt fram av Modolf Haraldseid (H):**

Ny siste setning i punkt 1: Flyktningar som kjem til kommunen i 2026 skal ikkje busetjast i kommunesenteret i Ølen.

Votering:

Forslag frå M. Haraldseid sett opp mot kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

- 1 stemme mot begge forslaga FrP, Kvamme
- 2 stemme for forslag frå H, Haraldseid (H) og T. Nesheim (H), forslag falt
- 6 stemmer for kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, forslag gjekk vidare.

FS - 005/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

5 stemmer for, 1 stemmer i mot, Kristin Bøygard Holthe (H) . Forslaget gjekk vidare.

OPOM - 004/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

005/26 Avtale om skulelokaler og fasiliteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om skulelokaler og fasiliteteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 005/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om skulelokaler og fasiliteteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

DUK - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om skulelokaler og fasiliteteter for Vinterlandbruksskolen i Ryfylke.

006/26 Helse og omsorgsplan for 2026-2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Endring frå Guri Ravatn, SV, foreslått av Guri Ravatn, Sosialistisk Venstreparti

Framlegg til tillegg og endringar i Helse og omsorgsplan

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036, med desse merknadene:

1. På s. 20, under figuren om folketal, der det står: Ein del av innbyggjarane i Vindafjord kjem frå andre land. I 2025 er det heile 1400 innvandrar og norskfødde med innvandrarforeldre i Vindafjord, skal leggst til: «Behova hos innvandrarar kan vera noko annleis enn i befolkninga elles, nemnast kan: Traumebehandling/psykisk helsehjelp, situasjonen for eldre innvandrarar og rett og plikt til tolk.»
2. På s. 30, i tiltaket «Starte planlegging og legge til rette for fleire bustader med livsløpsstandard», skal leggst til: «Samarbeide med private utbyggjarar»
3. På s. 31: I tiltaket «Vurdere oppstart av førebyggjande heimebesøk osv, skal «vurdere oppstart» erstattast med «Starta med»
Og i same tiltak under «Status/merknad» skal dette leggst til: «Tema: Bustad, helse, møteplassar, digitale ferdigheter o.a.»
4. s. 32 Under ansvar for tiltaket: "Gjera det tydeleg korleis kommunen tilbyr tenester til barn og unge", skal «PPT» leggst til.
5. s. 33 Endra det fjerde tiltaket til: «I tillegg til digitale brukarundersøkingar, skal nyttast systematisk samtale med tilsette som startar og sluttar.
6. s. 33 Nytt punkt under kap. 4.

Samarbeid Ølen vgs og Lundeneset vgs	Framsnakka og informera om -kommunen som arbeidsgjevar -læreplass og stimuleringstiltak -verdien av fleir-språkleg kompetanse		Årleg	
--------------------------------------	--	--	-------	--

7. s. 34, Endre delmålet «Sikre rett kompetanse og legge til rette for vidare- og etterutdanning» til . «Sikre rett kompetanse. **Tilby** og leggja til rette for etter- og vidareutdanning»,
8. s. 34 i tiltaket, «Gjennomføra systematisk oppgåvekartlegging osv...» skal det i Status/merknad, leggst til: «Kartlegga fleir-språkleg kompetanse.»

9. s. 35, endra tiltak nr 2 under "Styrke pårørende- samarbeidet", til: *Systematisera støtta til pårørende. Ta i bruk «Pårørende-avtalen.»*

I tillegg til disse endringane i planen har kommunestyret ei klar forventning om at kommunedirektøren samordnar tiltaka i kap. 4.2, med oppfølging av Forvaltningsrevisjonsrapport - "Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg".

Votering:

Innstilling til vedtak frå formannskapet med forslag til tilleggspunkt frå Guri Ravatn (SV) vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 006/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036, med desse merknadene:

1. På s. 20, under figuren om folketal, der det står: Ein del av innbyggjarane i Vindafjord kjem frå andre land. I 2025 er det heile 1400 innvandrar og norskfødde med innvandrarforeldre i Vindafjord, skal leggstil: *«Behova hos innvandrarar kan vera noko annleis enn i befolkninga elles, nemnast kan: Traumebehandling/psykisk helsehjelp, situasjonen for eldre innvandrarar og rett og plikt til tolk.»*

2. På s. 30, i tiltaket «Starte planlegging og legge til rette for fleire bustader med livsløpsstandard», skal leggstil: *«Samarbeide med private utbyggjarar»*

3. På s. 31: I tiltaket «Vurdere oppstart av førebyggjande heimebesøk osv, skal «vurdere oppstart» erstattast med *«Starta med»*

Og i same tiltak under «Status/merknad» skal dette leggstil: *«Tema: Bustad, helse, møteplassar, digitale ferdigheter o.a.»*

4. s. 32 Under ansvar for tiltaket: "Gjera det tydeleg korleis kommunen tilbyr tenester til barn og unge", skal «PPT» leggstil.

5. s. 33 Endra det fjerde tiltaket til: *«I tillegg til digitale brukarundersøkingar, skal nyttast systematisk samtale med tilsette som startar og sluttar.»*

6. s. 33 Nytt punkt under kap. 4.

<i>Samarbeid Ølen vgs og Lundeneset vgs</i>	<i>Framsnakka og informera om -kommunen som arbeidsgjevar -læreplass og stimuleringstiltak -verdien av fleir-språkleg kompetanse</i>		<i>Årleg</i>	
---	--	--	--------------	--

7. s. 34, Endre delmålet «Sikre rett kompetanse og legge til rette for vidare- og etterutdanning» til . *«Sikre rett kompetanse. **Tilby** og leggja til rette for etter- og vidareutdanning»*,

8. s. 34 i tiltaket, «Gjennomføra systematisk oppgåvekartlegging osv...» skal det i Status/merknad, leggstil: *«Kartlegga fleir-språkleg kompetanse.»*

9. s. 35, endra tiltak nr 2 under "Styrke pårørende- samarbeidet", til: *Systematisera støtta til pårørende. Ta i bruk «Pårørende-avtalen.»*

I tillegg til disse endringane i planen har kommunestyret ei klar forventning om at kommunedirektøren samordnar tiltaka i kap. 4.2, med oppfølging av Forvaltningsrevisjonsrapport - "Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg".

19.02.2026 Integreringsrådet

Behandling

VIR ønsker denne uttalen i saka:

Integreringsrådet sluttar seg til framlegget til Helse- og omsorgsplan med denne merknaden:

Rådet saknar omtale av:

- Situasjonen til eldre innvandrarak
- Rett og plikt til bruk av tolk
- Verdien av to-språkleg kompetanse hos tilsette
- Medvit om psykisk helse/ traumer hos flyktningar

Uttalen vart einstemmig vedtatt med 4 stemmer.

VIR - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

VIR ønsker denne uttalen i saka:

Integreringsrådet sluttar seg til framlegget til Helse- og omsorgsplan med denne merknaden:

Rådet saknar omtale av:

- Situasjonen til eldre innvandrarak
- Rett og plikt til bruk av tolk
- Verdien av to-språkleg kompetanse hos tilsette
- Medvit om psykisk helse/ traumer hos flyktningar

19.02.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse og omsorg orienterte om Helse og omsorgsplan 2026 - 2036 før handsaming.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vert samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

REF - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 007/26 Vedtak:**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

OPOM - 005/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

007/26 Imsland landhandel AS - søknad om endring av driftsform for eksisterande salsløyve 2024-2028**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Imsland Landhandel AS får utvida sitt gjeldande salsløyve til også å gjelda sal av alkohol gruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, når butikken er fjernbemanna ved hjelp av digitale løysingar som sikrar at krav i alkoholregelverket vert fulgt og er innanfor gjeldande salstider.

Imsland Landhandel AS er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at dei vilkår som er nevnt i lov og forskrift, til ei kvar tid er oppfylte.

03.03.2026 Kommunestyret**Behandling**

OPOM si innstilling til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 007/26 Vedtak:

Imsland Landhandel AS får utvida sitt gjeldande salsløyve til også å gjelda sal av alkohol gruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, når butikken er fjernbemanna ved hjelp av digitale løysingar som sikrar at krav i alkoholregelverket vert fulgt og er innanfor gjeldande salstider.

Imsland Landhandel AS er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at dei vilkår som er nevnt i lov og forskrift, til ei kvar tid er oppfylte.

09.02.2026 Utval for oppvekst og omsorg**Behandling**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 6 stemmer.

OPOM - 006/26 Vedtak:

Imsland Landhandel AS får utvida sitt gjeldande salsløyve til også å gjelda sal av alkohol gruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, når butikken er fjernbemanna ved hjelp av digitale løysingar som sikrar at krav i alkoholregelverket vert fulgt og er innanfor gjeldande salstider.

Imsland Landhandel AS er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at dei vilkår som er nevnt i lov og forskrift, til ei kvar tid er oppfylte.

008/26 Forvaltningsrevisjonsrapport - "Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg"**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:**

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt over til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

03.03.2026 Kommunestyret**Behandling**

Rekruttering helse- og pleiesektoren, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

Tilleggspunkt:

Kommunedirektøren blir bedt om å gå igjennom korleis administrasjonen vil møte dei fem tilrådingane frå forvaltningsrapporten, og leggja dette fram i OPOM på eit møte i nær framtid. Ëin ber òg om at OPOM blir halde orientert om arbeidet fram til kontrollutvalet får sluttrapporten.

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak, einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

Forslag til nytt tilleggspunkt 4, lagt fram av Øyvind Valen (AP), einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 008/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Kompetanse og rekruttering innen helse og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt over til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.

3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.
4. Kommunedirektøren blir bedt om å gå igjennom korleis administrasjonen vil møte dei fem tilrådingane frå forvaltningsrapporten, og leggja dette fram i OPOM på eit møte i nær framtid. Ëin ber òg om at OPOM blir halde orientert om arbeidet fram til kontrollutvalet får sluttrapporten.

009/26 Årsmelding 2025 - Vindafjord kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2025 frå kontrollutvalet til orientering.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 009/26 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2025 frå kontrollutvalet til orientering.

010/26 Haugaland Vekst IKS - Revidert selskapsavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS slik den ligg ved saka.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Formannskapet si innstilling til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS slik den ligg ved saka.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 006/26 Vedtak:**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek revidert selskapsvtale for Haugaland Vekst IKS slik den ligg ved saka.

011/26 Arbeidsgruppe for vurdering av politisk organisering, godtgjersle til folkevalde og politiske reglement i Vindafjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret set ned eit utval som vurderar den politiske organiseringa, godtgjersle til politikarane etter kommunestyrevalet i 2027, og dei politiske reglementa i Vindafjord kommune
2. Utvalet består av og vert leia av.....

03.03.2026 Kommunestyret**Behandling****Forslag til vedtak, foreslått av Haugen, Jan Idar, Senterpartiet**

2. Utvalet består av gruppeleiarane, eller den gruppa peikar ut. Utvalet vert leia av varaordførar

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, med Jan Idar Haugen (SP) sitt forslag til punkt 2, blei einstemmig vedtatt av kommunestyret med 25 stemmer.

KS - 011/26 Vedtak:

1. Kommunestyret set ned eit utval som vurderar den politiske organiseringa, godtgjersle til politikarane etter kommunestyrevalet i 2027, og dei politiske reglementa i Vindafjord kommune
2. Utvalet består av gruppeleiarane, eller den gruppa peikar ut. Utvalet vert leia av varaordførar.

012/26 Val av nytt varamedlem for FrP i OPOM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etter forslag frå FrP, blir Bjørn Alvseike ny 3. varamedlem for FrP i OPOM frå 04.03.26. Han erstattar Terje Halleland som har meldt flytting og ikkje lenger er valbar.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 012/26 Vedtak:

Etter forslag frå FrP, blir Bjørn Alvseike ny 3. varamedlem for FrP i OPOM frå 04.03.26. Han erstattar Terje Halleland som har meldt flytting og ikkje lenger er valbar.

013/26 Konstituering av kommunedirektør

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å konstituere Nils Erik Eide som kommunedirektør frå og med 4. mars 2026 og fram til fast tilsetjing er gjennomført og fram til ny kommunedirektør er på plass.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 013/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å konstituere Nils Erik Eide som kommunedirektør frå og med 4. mars 2026 og fram til fast tilsetjing er gjennomført og fram til ny kommunedirektør er på plass.

014/26 Grunngitte spørsmål og interpellasjonar

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

GRUNNGJEVE SPØRSMÅL

Til administrasjon og ordførar, frå Guri L. Ravatn, Vindafjord SV

TEMA:

SAK FOR SAK OG BIT FOR BIT.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, Plan og bygningsloven, Naturmangfaldslova og vår eigen planstrategi og arealstrategi, har alle føringar om samordning og om å sjå totale konsekvensar av eit eller fleire naturinngrep eller utbyggingsprosjekt.

Vindafjord kommune er nå i ein situasjon, der fleire store, industriprosjekt «bankar på døra» og vil bruka og bygga ned arealet og naturen vår. Eg kan lista opp store industriprosjekt som er til handsaming for tida:

- utviding av industriområdet på Dommersnes,
- utviding av industriområdet på Raunes,
- bygging av biogassfabrikk på Nerheim,
- vindindustribygg i Skjold,
- vindindustribygg i Ølensvåg og Bjoa,
- ny – eller rettare sagt to nye- 420 kV kraftlinjer gjennom Vindafjord, mellom Sauda og Gismarvik. I tillegg kjem planane SKL eventuelt har for vindindustri på Døldarhei.

Me kjenner alle NRK-serien «Norge i rødt, kvitt og grått» som sette fokus på «bit for bit» – nedbygginga av landet, grunna i manglande samordning mellom kommunar og regionar. Same tendensen følgde NRK opp med å visa tilsvarende nedbygging i Europa.

Med alle desse søknadene kan me risikera eit Vindafjord som vert nedbygd «bit for bit».

Er det kommunestyret sitt vedtak om å vurdere «sak for sak» som har ført oss hit?

Uansett, dei lovene og retningslinene eg lista opp først, legg ansvar på administrasjonen til å sjå komande disposisjonar under eitt, same kva kommunestyret vedtok.

Midt oppe i dette, har me heller ikkje vedteke arealdelen i kommuneplanen. Planstrategien har tre sektorovergripande tema: Klima og miljø, Samfunnstryggleik og Folkehelse og samarbeid.

Ikkje minst må nemnast at me har ein kommunedelplan for naturmangfald under arbeid.

Eg vil trekka fram §10 i Naturmangfaldlova: «*En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.*» Miljødirektoratet kommenterer §-en slik:

«Dette slår fast eit prinsipp om å vurdere samla belastning. Det betyr at kvart enkelt inngrep ikkje skal sjåast isolert, men leggjast saman med tidlegare og eventuelle framtidige inngrep, slik at ein i vurderinga kan vektlegga kva dette til saman fører til av skade på naturmangfaldet. Alle påverknader skal takast med i vurderinga.»

Dette reiser spørsmål om korleis kommunen sikrar heilskapleg vurdering, styring og ansvar i tråd med både naturmangfaldlova og intensjonen i plan- og bygningslova, når så mange tiltakshavarar bankar på døra samstundes.

Administrativ og politisk leiing har store utfordringar framfor seg. Eg finn det rett å spørja om:

- *På kva måte vil administrasjonen handsama kvar einskild utbyggingssak, slik at desse samla sett ikkje fører til ei større belastning på natur, folkehelse og innbyggjarar enn det kommunen har kunnskapsgrunnlag for å vurdere og ta ansvar for?*

- *Arealdelen av kommuneplanen er førebels ikkje vedteken. Meiner administrasjonen at det er i tråd med intensjonen i plan- og bygningslova å fatta vedtak om industriell utbygging i LNF-R-område før kommunestyret har ferdig handsama og vedteke arealdelen av kommuneplanen? Evt – kva prosess og rekkefølge er tenkt?*
- *Har det vore på tale å ta ein «time-out», vedta arealdelen og deretter gje alle dei pågåande plansakene ei samla vurdering, for slik å få oversikt over samla konsekvensar?*

Lat meg til slutt nemna: Det er på gang eit innbyggjarinitiativ for å få ei folkerøysting om ja eller nei til vindkraftutbygging. Dette initiativet må kommunestyret truleg ta stilling til på neste møte. Tiltakshavarar har uttalt at dei ikkje vil bygga ut, dersom dei har innbyggjarane i mot seg. Dette må og takast omsyn til.

Svar frå administrasjonen v/ kommunedirektør Yngve Folven Bergesen:

Kommunen må alltid vurdere kvar enkelt sak konkret. Plan og bygningslova og spesielt kommuneplanen sin arealdel (KPA) sett arealbruken i kommunen i samheng og er eit avgjerande styringsverktøy for kommunen i arealsaker.

Kommunen har ein arealdel som er vedteken i 2017, denne er under revisjon, men den er likefullt gjeldande. Dei store utbyggingssakene som blir nemnt i spørsmålet har følgjande planstatus:

- Dommersnes: Sett av som næringsformål i gjeldande kommuneplan og dette er vidareført i høyringsforslag til revidert arealdel som var på høyring i 2025. Endring av detaljregulering er under arbeid.
- Raunes: Sett av som næringsformål i gjeldande kommuneplan og dette er vidareført i høyringsforslag til revidert arealdel som var på høyring i 2025. Endring av detaljregulering er under arbeid.
- Nerheim: Sett av som næringsformål i gjeldande kommuneplan og dette er vidareført i høyringsforslag til revidert arealdel som var på høyring i 2025. Endring av detaljregulering er under arbeid.
- Vindkraftverka i Skjold og Ølensvåg er ikkje planavklart i KPA. Vindkraftsaker kan gå rett på områderegulering i parallell med behandling etter energilova, utan KPA-avklaring. Kommunen har ikkje nokon sak for vindkraftverk på Døldarheia til behandling nå, men er kjent med at det kan komme seinare.
- Saker om utbygging av sentralnettet for straum blir ikkje behandla etter plan- og bygningslova og blir med det ikkje planavklart i KPA. 420 kV kraftlinjene blir behandla av NVE etter energilova og kommunen er høyringspart.

Når det gjeld dei tre næringsplanane (Dommersnes, Raunes og Nerheim) er dei planavklart i overordna plan (KPA) og detaljreguleringar er undervegs. Utbyggingar her vil soleis vere realisering av allereie vedteken arealbruk. I detaljreguleringane som er undervegs på desse områda er det strenge krav til kunnskapsgrunnlag som mellom anna skal gjere greie for påverknad på natur og folkehelse.

Når det gjeld vindkraftinitiativa på Slettene og Bukkanibba så venter kommunen på forslag til plan- og utgreiingsprogram (PU) begge stadar. Kommunen og NVE vil legge til rette for at desse blir lagt på høyring samstundes og det vil bli lagt opp til PU kan behandlast samstundes (i same formannskapsmøtet).

Kommunen vil behandle dei nemnte sakene etter plan- og bygningslova, krava til kunnskapsgrunnlag er omfattande også om sumverknadar av tiltaka. Kommuneadministrasjonen skal sjå til at sakane er

tilstrekkeleg opplyst slik at de som politikarar kan ta eit val om kommunen ynskjer å vedta desse planane.

Vindafjord kommunen har ein vedteken arealdel. Dommersnes, Raunes og Nerheim er sett av til næringsformål i den. Utbyggingar her vil soleis vere i tråd med intensjonen i arealdelen og med det plan- og bygningslova.

Vindkraftinitiativa i kommunen er ikkje sett av til dette formålet i arealdelen og begge område ligg i LNF-området. Det er i rettleiar for «Planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land» opning for at ein kan planavklare potensielle områder for vindkraft i KPA, men det er også mogleg å gå rett på områderegulering.

Administrasjonen legg opp til ei «sak for sak» tilnærming i vindkraftsaker i tråd med signal frå kommunestyret mellom gjennom verbal vedtak i budsjett for 2026. Kommunen og NVE vil også legge opp til at prosjekta blir lagt på høyring, offentleg ettersyn og til behandling samstundes så langt det lar seg gjere.

Nei, kommunen har ein vedteken arealdel, der Dommersnes, Raunes og Nerheim inngår. Dei område ligg også inn som næringsformål i høyringsutkastet til revidert KPA. Desse områda har altså fått ei samla overordna vurdering av konsekvensar på kommuneplannivå. Vindkraftsaker vil behandla i samsvar i tråd med rettleiar. Ordførar ser det som formålstjenlig at det før endeleg vedtak i vindkraftsakene vert gjort ei samla vurdering av konsekvensane av desse, så langt dette er mogeleg.

KS - 014/26 Vedtak:

015/26 Tilsetjing av ny kommunedirektør i Vindafjord kommune

Tilsetjingsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Tilsetjingsutvalet legg fram si innstilling i møtet.

03.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilsetjingsutvalet v/ordførar Ole Johan Vierdal, la fram si innstilling på at Halfdan Krohn Brekke blir tilsett som ny kommunedirektør i Vindafjord kommune.

Votering:

Innstillinga frå tilsetjingsutvalet blei einstemmig vedtatt av kommunestyret med 25 stemmer.

KS - 015/26 Vedtak:

Halfdan Krohn Brekke blir ny kommunedirektør i Vindafjord kommune. Han tiltrer i stillinga 4. mars 2026.